




Årsrapport for tilsyn 2013

17
2014

R A P P O R T



Årsrapport for tilsyn 2013

Noregs vassdrags- og energidirektorat
2014

Rapport 17-2014

Årsrapport for tilsyn 2013

ISBN: 978-82-410-0965-5

ISSN: 1501-2832

Trykk: NVEs kopisenter

Opplag: 100

Redaksjonskomité: Jan Henning L'Abée-Lund, Hanne Nordang Solum

Fotografi: NVE

Grafikk/framside: Rune Stubrud, NVE

Ombrekking: Rune Stubrud, NVE

Samandrag: Rapporten gir ei oversikt over tilsyns- og reaksjonsverksemda til NVE i 2013.

Emneord: Tilsyn, revisjon, inspeksjon, reaksjon, avvik

© Noregs vassdrags- og energidirektorat, 2014

Spørsmål om denne rapporten kan rettast til
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen, 0301 Oslo

Telefon: 09575
Telefax: 22 95 90 00
www.nve.no

Innhald

Forord	5
1. Tilsynsverksemda til NVE	6
2. Tilsynsområde og hovedfunn	8
A Vassdrag	11
3.1 Tryggleiken til dammar og andre vassdragsanlegg	12
3.2 Miljøkrav ved bygging og drift av vassdragsanlegg	14
B Energiforsyning	15
3.3 Kraftforsyningsberedskap	17
3.4 Overføringsanlegg – drift og vedlikehald	18
3.5 Fjernvarmeanlegg	19
3.6 Kompetanseforskrifta	19
3.7 Gassanlegg nedstraums	20
3.8 Kraftsystemutgreiingar	20
3.9 Rasjoneringsplanar	21
3.10 Lokale energiutgreiingar	21
3.11 Statnett si utøving av systemansvaret	22
3.12 Kraftmarknadsåtferd	22
3.13 Regulerkraftavrekning	23
3.14 Marknadslass for kraftomsetning	23
3.15 Utanlandshandel	24
3.16 Tariffering/nettleige, anleggsbidrag og tilknytningsplikt	24
3.17 Økonomisk og teknisk rapportering	25
3.18 Leveringskvalitet og feilanalyse	26
3.19 Prising av sertifikatkostnadar i sluttbrukarmarknaden	27
3.20 Elsertifikat	28
3.21 Opphavsgarantiar	29
3.22 Miljøtilsyn ved energianlegg	29
C Energimerking og energibruk	30
3.23 Energimerking av bygningar ved sal og utleige	31
3.24 Energimerking av kvitevarer	31
3.25 Økodesign	32
3.26 Energy Star	32
3.27 Program for energieffektivisering i energiintensiv	33
4. NVEs bruk av reaksjonar for brot på energi- og vassdragslovgivinga	35
5. Omgrepa avvik og merknader	37
6. Heimlar og tilsynsgrunnlag i 2013	38

Forord

Denne rapporten gir ein samla oversikt over tilsynsverksemda i NVE i 2013 og dei viktigaste funna tilsyna har avdekkta.

NVE har eit vidtrekkande ansvar for tilsyn innan vassdrags- og energilovgjevinga og anna energirelatert regelverk. For å sikre at ein når målsetjingane med regelverket, og at krava i regelverk og vedtak blir følgde, er tilsyn og andre kontrolltiltak og etterfølgjande reaksjonsbruk naudsynte og effektive verkemiddel.

NVE fører tilsyn på til saman 27 område, innanfor eit breitt spekter av tema. Tilsyna er særstakt viktige mellom anna av om-syn til forsyningstryggleiken, at omsyna til sikkerheit, miljø og landskap blir ivaretakne ved bygging og drift av anlegg, at energimarknaden fungerer og at straumkundane mottek nok straum til god kvalitet.

2013 har vore prega av stor aktivitet innanfor nybygging og ombygging av anlegg blant anna utløyst av elsertifikatordninga. NVE har hatt tett kontroll med desse tiltaka, mellom anna gjennom inspeksjonar i byggefaseren. Samstundes er alle-reie etablerte vassdrags- og energianlegg og nettselskapa si regulerte verksemd følgt opp gjennom tilsyn i tilnærma same omfang som i fjor. Den samla tilsyns- og kontrollaktiviteten har ut frå dette vore omtrent i same omfang som føregåande år, sjølv om det er gjennomført noko færre revisjonar.

NVE er oppteken av å følge opp dei avvika som blir avdekkta ved tilsyn med føremålstenlege reaksjonar. Dei siste åra har vi meir aktivt tatt i bruk reaksjonar der det blir avdekkta alvorlege brot på dei krav som gjeld. Vi ser at bruk av reaksjonar i ei sak, til dømes lovbrotsgebyr, får mykje merksemd i media og hos andre aktørar innanfor same området. Reaksjonsbruk gir såleis ofte ringverknader ut over den konkrete saka. På den måten spelar tilsyn og reaksjonar saman for å sikre at dei krava myndigheitene har sett gjennom regelverk og vedtak, blir følgde opp av aktørane innanfor vassdrags- og energisektoren.

Denne rapporten gir vassdrags- og energibransjen, forbrukarar, andre myndigheter og politikarar innsikt i den samla tilsynsaktiviteten til NVE og til bruken av reaksjonar. For NVE er det viktig at erfaringane våre blir formidla til dei som kan ha nytte av dei.

Oslo, mars 2014



Per Sanderud
vassdrags- og energidirektør

1. Tilsynsverksemda til NVE

1.1 Tilsyn er framheva i NVE sin strategi

Tilsyn er eitt av åtte fokusområde i NVE sin strategi for 2012 - 2016. Eit godt tilsyn byggjer på naudsynt kompetanse og integritet hos NVE. Tilsynet må ha autoritet og vere føreseileg. NVE jobbar systematisk for at desse premissane skal vere til stades på alle tilsynsområda.

1.2 Samanheng mellom tilsyn og anna verksemad

Føremålet med tilsynsverksemda er å sikre at ein når målsetjingane med myndigheitenes styring med vassdrags- og energisektoren, og at krava i regelverk og vedtak blir følgde. Tilsyn er ein viktig del av den totale verksemada og utfyller dei andre verkemidla NVE har, til dømes utvikling av regelverk, handsaming av konsesjonar og andre vedtak og fagleg rådgjeving til OED og andre myndigheter.

NVE følgjer opp dei einskilde aktørane og dei einskilde tiltaka innan vassdrags- og energisektoren også på andre måtar enn ved tilsyn. Også den oppfølginga har som føremål å sikre at dei krava som er sett i konsesjonar eller regelverk vert følgde. For å sikre at miljø- og tryggleikskrav blir følgde og at tiltaket held seg innanfor rammene i konsesjonen, kontrollerer og godkjenner til dømes NVE detaljerte planar for nybygging av vassdrags- og energianlegg. NVE får også ulike rapportar og planar frå aktørane til gjennomgang og eventuelt godkjenning. Slik godkjenning vil, saman med tilsynsaktiviteten, inngå i den samla oppfølginga NVE har med aktørane og tiltaka.

Tilsyn skil seg frå andre former for oppfølging av aktørane ved at tilsyn har eit klart kontrollerande føremål. Gjennom tilsyn får NVE informasjon som er viktig for eiga forvaltning innan reguleringsområdet. Samstundes får aktørane informasjon og rettleiding om regelverket gjennom tilsynet. Som tilsynsorgan kontrollerer NVE på ulike måtar om regelverk og vilkår

blir følgde, og tek eventuelt i bruk reaksjonar dersom det blir avdekka avvik frå regelverket. At det gjennom tilsyn blir avdekka brot på regelverk eller løyve, kan gje grunnlag for å vurdere om regelverket er føremålstøyting og tilstrekkeleg. På den måten gir tilsynsverksemda nytige tilbakemeldingar til NVE i rolla som den som lagar regelverk og gir konsesjonar.

I gjennomføring av tilsyn kan ei rekke metodar nyttast. Metodevalet må tilpassast kva som mest effektivt avdekkjer det NVE ønskjer å kontrollere og om ein ønskjer å kontrollere ein bestemt aktør eller fleire/alle innanfor eit saksfelt. Dei viktigaste tilsynsmetodane NVE nyttar, er revisjon og inspeksjon. Revisjon er ein uavhengig, systematisk og dokumentert gjennomgang av dokumentasjon og krav retta mot eit selskap, delar av eit selskap eller ein konsesjonær. I mange tilfelle blir utvalde delar av eit anlegg inspirerte i samband med revisjonen. Inspeksjonar skjer ved ein uavhengig og dokumentert fysisk kontroll av anlegg, opplysningar eller system. NVE nyttar også andre metodar, til dømes laboratorietesting av kvitevarer, kartleggingar retta mot fleire aktørar samtidig ved hjelp av spørjeundersøkingar eller skriftlige tilsyn, gjennomgang av aktørane sine nettsider eller samanstilling av innhenta eller innrapportert dokumentasjon eller opplysningar frå aktørane.

1.3 Reaksjonar er ein viktig del av tilsynsverksemda

Reaksjonar er eit felles omgrep for dei handlingane og verkemidla NVE rår over når det blir konstatert brot på regelverkskrav eller vedtak NVE har fatta. Reaksjonsmidla NVE forvaltar er i hovudsak heimla i energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova. Vedtak om reaksjonar kan til dømes vere vedtak om at ulovlege tilhøve skal rettast opp (retting) og vedtak om tvangsmulkt for å gjennom økonomiske verkemidler framtvinge ret-

ting. Lovbrotsgebyr og melding til politiet er dei sterkeste reaksjonsmidla NVE rår over, tillegg til at konsesjonar og andre løyve og godkjenninger kan verte trekt tilbake.

Ofte er det ved tilsynsbesøk alvorlege brot på regelverket eller andre myndighetskrav blir avdekka. Men slike brot kan også avdekkjast på andre måtar, til dømes i etterkant av ulykker eller andre alvorlege hendingar, gjennom sakshandsaming av søknader, ved gjennomgang av innsende opplysningar og data, eller gjennom tips fra ålmenta og andre forvaltningsorgan.

Bruk av reaksjonar er naudsynt for å sikre at dei krav som er sett blir etterlevd. Dersom brot som oppdagast ikkje får konsekvensar, vil det svekke etterlevinga. Tilsyn og reaksjonar må spele saman for sikre at dei krava myndigheitene har sett gjennom regelverk og vedtak vert følgde av aktørene.

1.4 Koordinering på tvers i NVE

NVE fører tilsyn innanfor 27 område. For å støtte og koordinere tilsynsverksemda som vert utført av dei einskilde seksjonane har det sidan 2008 vore etablert interne grupper for koordinering av tilsyn (FGT) og av reaksjonsbruk (FGR). Begge gruppene har representantar frå både energiseksjonane og vassdragsseksjonane og er frå 2013 leda av Tilsyns- og beredskapsavdeling.

Hovudoppgåva til fastgruppene er å koordinere tilsynsverksemda og reaksjonsbruken til NVE. Som ein del av dette arbeidet vert det årleg utarbeida ein samla revisjonsplan, som synes planlagte revisjonar, og ein samla handlingsplan, der prioriterte tilsyns tema for det aktuelle året går fram.

Fastgruppene har utarbeidd interne styrande dokument for tilsyn og reaksjonar i NVE. Dokumenta er reviderte seinast i 2010 (NVE-dokument 2-2010). Dei styrande dokumenta inneholder prosedyrar for gjennomføring av tilsyn, prosedyrar for bruk av reaksjonar



og interne retningslinjer for val og bruk av reaksjonsformer.

1.5 Samarbeid med andre tilsynsorgan

NVE og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) etablerte i 2008 eit felles tilsynsforum for å oppnå ei meir samordna tilsynsverksemelding mot nettselskap. Forumet er ein arena for overføring av erfaringar, informasjonsutveksling og felles prosjekt. Direktorata har mellom anna utarbeidd nærrare opplegg for og gjennomført samtidige tilsyn i 2013. Direktorata inngjekk i februar 2012 ein ny samarbeidsavtale, som òg omfattar tilsyn. På beredskapssida samarbeider NVE og tett med Post- og teletilsynet.

NVE har hatt eit bilateralt samarbeid med Konkurransetilsynet sidan 1996, og i tillegg har NVE, Finanstilsynet og Konkurransetilsynet hatt eit felles samarbeidsforum, "Samarbeidet om tilsyn med kraftmarknaden" sidan 2003. Tilsyna inngjekk ein revisjonsdert samarbeidsavtale i 2011.

NVE deltek òg i Nasjonalt miljøforum, som består av representantar for Økokrim, Riksadvokaten og ulike tilsynsorgan. Forumet fokuserer på bruk av reaksjoner ved brot på miljølovgivinga.

1.6 Ny avdelingsstruktur

NVE gjennomførte i 2012 ein omorganiseringss prosess, og frå 1.1.2013 vart Tilsyns- og beredskapsavdelinga (TB) og Elmarknadstilsynsavdelinga (ET) oppretta. Den tidligare Energiavdelinga vart vidareført, men med færre seksjonar og ansvarsområde. Alle desse tre avdelingane har tilsynsoppgåver.

Opprettninga av Tilsyns- og beredskapsavdelinga er resultat av eit ønske om å styrke desse fagområda. Styrkinga av tilsynsverksemnda vil syne seg gjennom prioritering av tilsynsoppgåver og vidareutvikling av det samla tilsynsarbeidet i NVE. Tilsyns- og beredskapsavdelinga har ansvar for tilsynet med miljøkrav og tryggleikskrav knytt til vassdrags- og energianlegg, og for kraftforsyningens beredskapen. Avdelinga koordinerer dessutan den samla tilsynsverksemnda i NVE.

Elmarknadstilsynsavdelinga er oppretta for å kunne møte dei krava EU sin tredje energimarkedspakke set til ein uavhengig energimarknadsregulator. Elmarknadsavdelinga har ansvaret for dei tilsynsområda som er knytt til energimarknaden og marknadsaktørane, medrekna nettselskapa. Dette omfatter mellom anna tilsyn med marknadsåtferd, Nord Pool Spot som marknadspllasskonsesjonær, Statnett som avregnings – og systemansvarleg, leveringskvalitet, tariffering og verk-

semde si tekniske og økonomiske rapportering.

Energiavdelinga har som føremål å styrke NVE sin kunnskap om energi og klima. Avdelinga har ansvaret for det tilsynet som er knytt til energibruk og energimerking, mellom anna tilsyn med kvitevarer og energimerking av bygningar. Avdelinga har òg ansvaret for tilsyn med opphavsgarantiar og elsertifikat, og tilsyn med tema som gjeld kraftsystemet, mellom anna kraftsystemutgreiingar og rasjonering.

2. Tilsynsområde og hovudfunn

NVE si tilsynsverksemde dekker eit vidt spekter av tema og rettar seg mot ulike typar tilsynsobjekt, som konsejonærar, dameigarar, nettselskap og kommunar. Tilsynsverksemda i 2013 omfattar felt innan dei tre hovudområda vassdraganlegg, energiforsyning og energibruk. Valet av tilsynsobjekt og tilsynstema er basert på mellom anna risiko, erfaringar, hendingar og at det er eit utval av føretak av ulik storleik og type.

NVE nyttar fleire metodar i tilsynsaktiviteten sin. Revisjonar er den metoden som er mest ressurskrevjande, men er samstundes den metoden som går mest i detalj og gir det beste biljetet av status i verksemda. Denne er basert på at verksemda på førehand sender til NVE den dokumentasjonen som er etterspurt. NVE går gjennom denne og førebur spørsmål innanfor det feltet revisjonen gjeld. Gjennom intervju kontrollerer NVE i kor stor grad verksemda etterlever dei krava som gjeld innanfor det aktuelle temaet.

Tilsyn kan også gjennomførast ved stadlege tilsyn og inspeksjonar. I slike høve blir konsesjonen eller anna løyve sjekka ut i felt. Til dette kan også skrivebordstilsyn nyttast. Då vil tilsynet bli utført på materiale som er innsendt, rapportert eller som er tilgjengeleg på nettet. I utgangspunktet kan dei ulike tilsynsmetodane nyttast på alle dei tre hovudområda.

2.1 Vassdrag

Damtryggleik og miljø

NVE har i 2013 gjennomført 38 revisjonar av eigararar av vassdragsanlegg. Hovudfokus ved revisjonane var verksemda sitt internkontrollsyste generelt, og systemet for driftfasen til anlegga. Det vart gjennomført revisjonar av 25 vasskraftanlegg, 6 setjefiskanlegg og 7 kommunar. Det vart til saman avdekka 104 avvik og gjort 60 merknader. Dei gjennomførte revisjonane viser framleis manglar i internkontrollsyste hos alle

dei tre gruppene av eigarar. For oppdrettsanlegg tyder dei gjennomførte revisjonane på at utviklinga over tid går i riktig retning. Blant småkraftkonsesjonærar tyder tala på at det er ei betring også på dette området. Etter NVE si vurdering skuldast dette mellom anna tett oppfølging frå NVE.

Det vart gjennomført 13 revisjonar færre enn i 2012. Årsaka til denne nedgangen er først og fremst knytt til aukinga i talet på nye prosjekt. For at desse skal kunne byggjast så fort som råd er, har NVE prioritert at detaljplanar har blitt godkjend. I alt er det gjort 156 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap som er ein auke på cirka 60 prosent frå 2012. Desse fordelar seg på 135 vasskraftanlegg (55 av desse er planar for nye kraftverk), 8 planar for setjefiskanlegg og 11 planar for vassverk og andre tiltak i vassdrag.

Det har i tillegg blitt gjennomført 494 stadlege inspeksjonar, som er cirka 10 prosent færre enn i 2012. Reduksjonen skuldast at talet på inspeksjonar av dammar og vassdragsanlegg har gått ned, medan talet på inspeksjonar i byggjefasen har auka med cirka 7 prosent. Av dei var 268 inspeksjonar av dammar og 226 inspeksjonar av vassdragsanlegg (vassveg, kraftverk, setjefiskanlegg og vassverk). På seinvinteren vart det gjennomført eit ikkje varsle tilsyn med 15 setjefiskanlegg for å kontrollere at krava til slepp av minstevassføring og regulering av magasin var tatt hand om. Alle anlegg heldt seg innafor konsesjonskravet om lågaste regulerte vasstand. Ved to anlegg var det brot på kravet til minstevassføring.

På trass av at det ikkje blei gjennomført planlagde tilsyn med konsesjonsfrie kraftverk i 2013, er det registrert avvik. Kjelde for avdekking av lovbroter er tidlegare gjennomførte tilsynsaksjonar, tips til NVE og søknadar om elsertifikat. Erfaringa tilseier at det kan være ei stor mengd lovbroter som ikkje vert oppdaga.

Fra og med 2011 skal alle eigararar av klassifiserte vassdraganlegg gjere ei

årviss obligatorisk innrapportering av organisasjonen. Av dei i alt 500 registrerte eigarane av klassifiserte vassdragsanlegg var det utført intern-tilsyn av dei 430 eigarane som har anlegg i drift. Den obligatoriske innrapporteringa avdekkja ei rekke avvik knytt til personell og overvaking. Det var også mange eigarar som ikkje innrapporterte innan fristen.

Dei verksemde som ikkje har etterlevd krava i konsesjon, forskrift eller vedtak har blitt følgt opp med varsel og vedtak om retting, og eventuelt varsel og vedtak om tvangsmulkt. Det er også gjort vedtak om lovbrotsgebyr ved alvorlege broter.

Elsertifikatordninga

Innføringa av ordninga med elsertifikat har gitt vassdragsmyndigheita eit nytt reiskap for å sjå til at kraftverk er bygd og drifta etter vilkår gitt i konsejonar eller fritak frå konsesjonshandsaming. Opplysingane om kraftverket som ligg i søknaden om elsertifikat, vart sjekka mot mellom anna data Statnett har på kva maksimal produksjon er, og dei opplysningane NVE sit på.

Hovuddelen av dei elsertifikatpliktige har både registrert seg hos NVE og oppretta elsertifikatkonto hos Statnett. I 2013 har NVE vurdert ytterligare 83 moglege elsertifikatpliktige. Av desse var til saman 37 kraftleverandørar, kommunar og nettselskap elsertifikatpliktige. Desse har no registrert seg som elsertifikatpliktige hos NVE.

Elsertifikatordninga har avdekkja at fleire kraftverk ikkje er bygd etter vilkår gitt i konsesjonar eller i vedtak om at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig. Avvika går på at anlegget har ei installert effekt som overskridar det som vart presentert i søknaden og so m låg til grunn for at tiltakshava fekk konsesjon eller at NVE fatta vedtak om at tiltaket ikkje var konsesjonspliktig. I 2013 har 54 kraftverk blitt vurdert på nytt av konsesjonsavdelinga i NVE. I dei fleste tilfellene der det vart oppdagat avvik, blei det gjort

ei ny vurdering. I fleire tilfeller vart det fatta vedtak om retting supplert med varsel og eventuelt vedtak om tvangsmulkt. Det er óg gjort vedtak om lovbrotsgebyr ved alvorlege brot.

Tilsynet knytt til opphavsgarantiar har vore lite prioritert i 2013. Det skuldast det omfattande arbeidet som elsertifikatordninga har ført med seg. Nokre av søknadane om opphavsgaranti har blitt handsama saman med søknad om elsertifikat.



2.2 Energiforsyning

NVE har i 2013 gjennomført 72 revisjonar av verksemder der fokus har vore beredskap og energiforsyning. Dette er på same nivå som året år.

Beredskap og rasjonering

NVE har i 2013 gjennomført 9 revisjonar av verksemder der fokus har vore beredskap, og 20 revisjonar av nettverksemder. Dette var ein nedgang på 5 frå året år.

Uventa hendingar set verksemder på prøve, medan myndighetene får ein moglegheit til å sjå korleis situasjonen er i energiforsyninga. Uværet Dagmar i 2012 sette fokus på forsyninga hos nettselskapet, og også i 2013 har det vore ekstremvêrhendingar. Kontrollane i 2013 syner at det framleis er ei mangelfull systematisk tilnærming til tryggleiks- og beredskapsarbeidet sjølv om beredskapsarbeidet er aukande i mange selskap. Dei mest typiske funna var mangelfulle rutinar for vedlikehald og kontroll av anlegg, og rapportering til systemansvarleg om ulike forhold. NVE har lagt stor vekt på kontroll av rutinar med skogrydding langs linjetrasear i 2013. Hyppigare og kraftige uvêr har vist at det er naudsint.

Ny forskrift om førebyggjande tryggleik og beredskap i energiforsyninga vart sett i kraft 1.1.2013. Rettleiar til forskrifa vart publisert i juli og følgd opp med kurs for verksemdene. NVE forventar at dette vil føre til større aktsemd på feltet, spesielt då tilsynet viser tydelege svakheieter mellom anna i reparasjonsberedskapen.

Rasjoneringsplanar hos to nettselskap vart også kontrollert i 2013. Funna syner ei betring i kvaliteten på rasjoneringsplanane samanlikna med 2012.

Samstundes dokumenterer revisjonane manglande formalisering av samarbeidet med andre aktørar.

Miljø

Gjennom godkjenning av miljø-, transport- og anleggsplanar følgjer NVE opp at krav knytt til miljø og landskap blir følgd ved bygging av kraftleidningar og vindkraftanlegg. Talet på godkjente planar var på same nivå som i 2012. Inspeksjonar i byggefase med fokus på miljø viser at det ofte oppstår situasjonar som ikkje vart avklart i planlegginga. Det er òg naudsint å kontrollere at krav i planen blir følgd opp.

I saker med eit høgt konflikt-nivå vil ofte konfliktane bli vidareført i byggjefasen. Då vil tilsynet kunne vere konflikt-dempande ved at ein eventuelt kan pålegge avbøtande tiltak.

Fjernvarme

Tilsynet med fjernvarmeanlegg i 2013 viste same resultat som tidlegare. Ein-skilde konsesjonærar følger ikkje opp krava i konsesjonen, medan andre hadde bygd og utvida anlegga sine i strid med konsesjonen. På den andre sida viser tilsynet at verksemdene har god driftskontroll, påliteleg energilevering og eit systematisk vedlikehald. Det ligg 6 revisjonar bak desse funna.

Selskapa sine evner og vilje til å overhalde regelverket ligg mellom anna i gode forskrifttekstar slik at det ikkje er rom for eigne tolkingar. Det er registrert ei betring ved at selskapa har utarbeida skriftlege rutinar for berekning av anleggsbidrag. Trass

dette viser kontrollane det same nivå på avvika som i 2012. Rutinane vil i det minste bidra til at kundane handsamast likt.

Økonomisk og teknisk rapportering


Tilsynet med 294 omsettungskonsejonærar sine årlege økonomiske og tekniske rapporteringar til NVE og SSB (eRapp) gjeld overhald av rapporteringsplikta. For nettverksemda er tilsynet utvida med revisjonar for rapportering av økonomiske og tekniske verdiar som ligg til grunn for inntektsrammene og meir/mindreinntekt.

Ved årleg rapportering vart det avdekt 410 avvik, hovudsakleg for mindre feilposteringar, med følgjefeil, av økonomiske verdiar og manglande informasjon i eRapp. Ved revisjon hos 11 selskap med nettverksemde vart det avdekt 126 avvik hovudsakleg knytt til økonomiske og tekniske verdiar. To av desse måtte rapportere eRapp på nytt.

2.3 Energimerking og energibruk

Det er utført to revisjonar innanfor området energimerking. Det er inngått avtale mellom NVE og Norconsult om kontroll med reglane i energimerkeforskrifta, særleg energimerking av bygningar. Det har blitt funne avvik for nær alle bygningar som vart kontrollert, men ikkje alle hadde noko å seie for energimerket. Kontrollen viser òg at det er naudsint for at ekspertane skal oppfylle krava til kompetanse.

3. Gjennomgang av dei ulike tilsynsområda



3.1 Tryggleiken til dammar og andre vassdragsanlegg

Tema for tilsyn

Blant damtilsynet sine oppgåver er kontroll av at

- tekniske planar oppfyller krav til tryggleik gitt i forskrift og konsesjonsvilkår
- nybyggingar/fornyinger skjer forskriftsmessig/etter godkjente planar.
- revurderingar (tryggleiksvurderingar) gjennomførast og følgjast opp.
- den ansvarlege (anleggseigar) oppfyller krav til organisasjon og kvalifikasjonar og til interntilsyn, idriftsetting og drift av anlegg.
- anleggseigarane har eit fungerande internkontrollsysteem for ivaretaking av krava til tryggleik.

Aktivitet

Storparten av tilsynet i 2013 gjaldt kontroll av interntilsyn hos eigalarar av vassdragsanlegg i høg konekvens-kasse, og dessutan småkrafteigarar med ansvar for mange vassdragsanlegg. Det er gjennomført revisjon hos 15 verksemder og det er gjennomført 268 inspeksjonar av dammar og 31 inspeksjonar av vassvegar under bygging, ombygging og drift. 2013 var tredje året med

obligatorisk innrapportering om organisasjon og utført interntilsyn frå 430 av i alt 500 registrerte eigalarar av klassifiserte vassdragsanlegg. Dei resterande har ikkje anlegg i drift.

Resultat

Talet på revisjonar av verksemder gjekk ned, frå 18 i 2012 til 15 i 2013. Ein halvpart av dei reviderte verksemndene var kommunar og ein halvpart kraftselskap. Hovudfokus ved revisionane var systemet for driftsfasen til anlegga og verksemda sitt internkontrollsysteem generelt. Det vart til saman avdekkja 35 avvik og 28 merknader. 22 av avvika vart funne hos kommunane. Totalt manglande IK-system tel her som eitt avvik.

Hos ei verksemde vart det ikkje registrert verken avvik eller merknader, og ei anna verksemde hadde ikkje registrert avvik, berre merknader. Tre kommunar kunne ikkje syne fram noko IK-system, tre andre verksemder hadde manglar ved systemet. Dei resterande ni verksemndene hadde tilfredsstillande IK-system. Av verksemndene som hadde IK-system hadde fire verksemder ikkje leiar med gjennomført obligatorisk opplæring.



Berre to verksemder mangla vassdragsteknisk ansvarleg (VTA). Hos seks verksemder var det avvik knytt til plan for og gjennomføring av interntilsyn/overvaking. Fem verksemder mangla eller hadde manglar ved beredskapsplanen. Andre avvik var at dammar ikkje var klassifisert eller revurdert, tilsynspersonell mangla obligatorisk opplæring, manglende internrevisjon av IK-systemet og manglar ved avvikshandsaminga. Frå den obligatoriske innrapporteringa resulterte forseinka eller manglende innrapportering i mange avvik og reaksjonar. Det innrapporterte materialet avdekkja ei rekke avvik knytt til personell og overvaking, men som så langt ikkje er endeleg oppsummert.

I alt har damtilsynet sitt arbeid med kontroll og revisjoner resultert i 772 enkeltvedtak i form av godkjenninger eller avslag på søknader, pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt.

Vurdering

Talet på avvik i høve til talet på reviderte verksemder er stabilt samanlikna med året før, medan talet på merknader gjekk betydeleg opp. Dette er misvisande tal som skuldast den store mangelen på IK-system hos dei reviderte verksemdene. Den obligatoriske innrapporteringa tydar likevel på at det er noko betring å spore.

NVE har følgt opp revisjonane ved at det for dei 12 verksemdene med registrerte avvik er sett fristar for lukking av avvika med påfølgjande tilbakemelding til NVE.

Frå kontrollen og tilsynet er det gitt totalt, inklusiv frå obligatorisk innrapportering, 125 varsel om tvangsmulkt og 26 vedtak om tvangsmulkt. Dette er omtrent tilsvarende som i 2012, men ei markert betring sidan 2011 med 208 varsel og 55 vedtak.

Utøvar av tilsyn

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for damsikkerheit

Heimel

Vassressurslova kap.11-13, vassdragsreguleringslova § 12 post 19, damsikkerheitsforskrifta kap.9, internkontrollforskrift for vassdrag og grunnvatn §§ 7, 9 og 11, konsesjonar

Tilsynsgrunnlag

Vassressurslova §§ 5, 37-40 og 54, damsikkerheitsforskrifta, internkontrollforskrift for vassdrag og grunnvatn §§ 5 og 6, konsesjonar



3.2 Miljøkrav ved bygging og drift av vassdragsanlegg

Tema for tilsyn

Miljøtilsynet har som oppgåve i tilknyting til vassdragsanlegg, inkludert setjefiskanlegg, å

- godkjenne og følge opp detaljplanar for vassdragsanlegg
- kontrollere at utbyggingar er gjorde i samsvar med godkjende planar
- kontrollere at konsesjonærane held seg innanfor tillatne rammer i driftsfasen
- kontrollere at eigarar av vassdragsanlegg har og etterlever eit internkontrollsysteem
- kontrollere at kraftverk som er fritekne frå konsesjonsbehandling, blir bygde og drifta i samsvar med føresetnadene for fritaket
- gi hydrologiske pålegg og følge opp at dei blir etterlevde

Aktivitet

Det er i alt gjennomført 23 revisjonar av internkontrollsysteem fordelt på 6 setjefiskanlegg, 8 små vasskraftverk (<10 MW installert effekt) og 9 større vasskraftverk (>10 MW).

I alt er det gjort 156 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap. Desse planane fordeler seg slik: 137 planar for vasskraftanlegg (av dei er 55 for nye kraftverk), 8 planar for setjefiskanlegg, 6 planar for vassverk og 5 planar for andre tiltak i vassdrag.

Det er gjennomført 195 stadlege inspeksjonar av anlegg med konsesjon. Av dei var 165 vasskraftanlegg, 29 setjefiskanlegg og 1 vassverk. På seinvinteren vart det gjennomført eit ikkje varsle tilsyn hos 15 setjefiskanlegg (inngår i dei 29) for å kontrollere at krava til slepp av minstevassføring og regulering av magasin var tatt hand om. Alle anlegga halde seg innanfor konsesjonskravet om lågaste regulerte vasstand. Ved to anlegg var det brot på kravet til minstevassføring.

Det er gjennomført 2 inspeksjonar av kraftverk som er fritekne frå konsesjonsbehandling.

Det er godkjent 6 planar for biotoptiltak i vassdrag.

Resultat

Revisjonar av setjefiskanlegg avdekte 14 avvik og 7 merknader. Ved 2 av revisjonane blei det ikkje avdekkja avvik. Revisjonar av vasskraftanlegg avdekte 55 avvik og 25 merknader. Ved 4 vasskraftverk blei det ikkje avdekkja avvik under revisjonen.

Det er gjort vedtak om lovbrotsgebyr i seks saker på grunnlag av funn frå 2013 og tilbake til 2010.

Vurdering

Grunna stor auke (80 %) i detaljplanar til godkjenning og prioritering av inspeksjonar av anlegg under bygging, har omfang av revisjonar vore mindre enn planlagt. Frå og med 2013 er revisjonsrapportane tilgjengelig på NVE sine heimesider.

Vasskraft: Revisjonar og stadlege inspeksjonar av småkraftverk viser at det framleis er eit klart behov for kontroll av konsesjonærar. Samtidig er det verdt å merka seg at fleire konsesjonærar har etablert eit internkontrollsysteem som fungerar, noko som til dels skuldast ny retteleiari om internkontroll etter vassdragslovgjevinga.

Miljøtilsynet går kvar månad igjennom ca. 500 tilsende magasinrapportar og sjekkar om det er brot på vilkåra om høgaste og lågaste regulerte vasstand. Det blei ikkje avdekkja at lågaste regulerte vasstand blei overskreden.

Akvakultur: NVE varsla hausten 2008 auka tilsyn med akvakulturnæringa, Sjølv om tilsynsverksemda i fleire år har vore høg, avdekte revisjonane i 2013 framleis behov for kontroll av verksemndene.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for miljøtilsyn

Heimel

Vassressurslova kap. 11–13, vassdragsreguleringslova § 12 post 19, §§ 24 og 25, forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga §§ 6, 8 og 9

Tilsynsgrunnlag

Vassressurslova §§ 5, 8, 10, 41, 54, vassdragsreguleringslova § 12 postane 12 og 13, forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga §§ 4 og 5, konsesjonar, vedtak om konsesjonsfritak

B Energiforsyning





3.3 Kraftforsyningsberedskap

Tema for tilsyn

- Analyse av risiko og sårbarheit – sikker drift og gjenopprettning ved ekstraordinære situasjoner, innhold i ROS-analysar og beredskapsplanar
- Reparasjonsberedskap – ressursar for gjenopprettning av drifta og reparasjon av havarerte komponentar
- Sikring av anlegg – kontroll av fysiske tryggingstiltak og planane for vedlikehald og bruk av dei
- Tryggleik i store driftskontrollsysteem

Aktivitet

Ny forskrift om førebyggjande tryggleik og beredskap i energiforsyninga vart sett i kraft 01.01.2013. For å gi verksemde tid til å sette seg inn i nytt regelverk, vart det ikkje gjennomført tilsyn i første kvartal. I tillegg vart aktiviteten redusert i andre kvartal på grunn av arbeidet med ny rettleiing til forskrifta. Ny rettleiing vart publisert 01.07.2013.

Beredskapsseksjonen hadde kurs i forskrifta over tre heile dagar; to dagar for nett- og produksjonsverksemder, og ein dag for fjernvarme. Til saman var det rundt 250 deltagarar.

Det er gjennomført totalt ni tilsyn ved besøk hos det ein-skilte selskap (revisjon), der møte med leiinga i selskapet, gjennomgang av planverk og synfaringar av lokalar og sikringstiltak er vanlege aktivitetar. Ved enkelte typar tilsyn inngår også inspeksjon av anlegg.

NVE følgjer opp hendingar hos verksemde, og i 2013 utløyste hendingar hos 37 verksemder nærmere oppfølging frå NVE si side. Nokre av hendingane vert følgd opp med krav om utvida rapportering for å klargjere om føresegner i forskrifta er brote, andre (tema og/eller verksemrd) vert følgd opp gjennom tilsyn i 2014. I 2014 gjennomfører NVE Øvelse Lofoten som følgje av strømbrotet i området i mars 2013.

I tillegg har mykje tid gått med til å følgje opp det skriftelege tilsynet i 2012 med nettselskap som er del av Kraftforsynings beredskapsorganisasjon (KBO). For nokre selskap vart vedtak gitt først i 2013.

Resultat

52 avvik og 10 merknadar.

Det er gitt seks varsel om tvangsmulkt i 2013.

Vurdering

Talet på funn understrekar behovet for vidare oppfølging av kraftforsyninga. Ut frå ei vurdering av sårbarheita har nettverksemda høg prioritet.

Tilsynet har avdekka tydelege svakheiter ved reparasjonsberedskap.

Hos fleire av verksemde NVE har ført tilsyn med, er det registrert ei mangelfull systematisk tilnærming til tryggleiks- og beredskapsarbeidet. Dette viser at det er naudsynt å halde fram med å fokusere på ROS-analysar, heilskaplege dokumenterte beredskapsplanverk og beredskapsarbeid.

NVE registererer at merksemda om og prioriteringa av beredskapsarbeidet er aukande hos mange. Dette er viktig, mellom anna med tanke på utfordringane i samband med dei stadig høgare forventingane om forsningstryggleik i samfunnet. NVE opplever at verksemder som har hatt tilsyn, viser eit positivt engasjement og forståing for beredskapsarbeidet.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap

Heimel

Energilova kap.10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, beredskapsforskrifta §§ 8-1 og 8-2.

Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 9, energilovforskrifta § 3-5 c, beredskapsforskrifta og enkeltvedtak om klassifisering av anlegg

3.4 Overføringsanlegg – drift og vedlikehald

Tema for tilsyn

Tilsynet inneber kontroll av om konsesjonærane oppfyller plikta til å halde anlegga i tilfredsstillande driftssikker stand ved å sørge for vedlikehald og modernisering som sikrar ein tilfredsstillande leveringskvalitet.

Aktivitet

Det vart gjennomført 20 revisjonar av nettselskap. Tre tilsyn vart gjennomført saman med DSB.

Resultat

15 avvik og 21 merknader. Dei mest typiske funna var mangelfulle rutinar for vedlikehald og kontroll av anlegg, og rapportering til systemansvarleg om ulike forhold. Det vart lagt stor vekt på kontroll av rutinar med skogrydding langs linjetraséen i 2013.

Det er gitt sju varsel om tvangsmulkt i 2013.

Vurdering

Energilovforskrifta § 3-5 a vart endra 01.01.2013. Ansvaret for oppfølging av forskriften vart overført til TBB. Generelt har NVE eit positivt inntrykk av selskapa si haldning til drift og vedlikehald av nett. NVE har i avgrensa grad hatt kontroll med distribusjonsnettet, utover at nokre av dei generelle spørsmåla om regionalnettet også har blitt stilte om distribusjonsnettet.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap

Heimel

Energilova § 10-1, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 3-1, energilovforskrifta § 3-5 a, systemansvarsforskrifta §§ 7, 14, 14a, 20 og 23.



3.5 Fjernvarmeanlegg

Tema for tilsyn

- Gyldige konsesjonar
- Vedlikehald - faktisk utført og planar
- Modernisering - faktisk utført og planar
- Påliteleg energilevering - feil og avbrot
- Analyse av risiko og sårbarheit - sikker drift og gjenopprettning ved ekstraordinære situasjoner, innhold i ROS-analysar og beredskapsplanar
- Reparasjonsberedskap - ressursar for gjenopprettning av drifta og reparasjon av havarerte komponentar
- Sikring av anlegg - kontroll av fysiske tryggingstiltak og planane for vedlikehald og bruk av dei
- Tryggleik i driftskontroll

Aktivitet

Det er gjennomført totalt 6 tilsyn ved besøk hos det einskilte selskap (revisjon). Etter at ansvaret for tilsyn med fjernvarmeanlegg vart overført til TBB i 2013, fører TBB tilsyn både med at konsesjonsvilkåra blir følgt (jf energilovforskrifta kap. 5) og relevante føresegner i beredskapsforskrifta.

Resultat

35 avvik og 4 merknader. Det er gitt fem varsel om tvangsmulkt i 2013.

Vurdering

Det vart avdekt at enkelte konsesjonærar ikkje oppfylte krava som vart stilt i konsesjonen på ein tilfredsstillande måte, og at enkelte hadde bygd og utvida anlegga sine i strid med konsesjonen. Føretaka som NVE har besøkt, ser ut til å ha god driftskontroll gjennom bemanning og rutinar for å ta vare på ei påliteleg energilevering og eit systematisk vedlikehald. Det såg ut til å vere noko personavhengig kor gode vedlikehaldsrutinane var i enkelte av føretaka.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3

Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 5, energilovforskrifta kap. 5, beredskapsforskrifta kap. 2, 4, 5, 6 og 7 og konsesjonar

3.6 Kompetanseforskrifta

Tema for tilsyn

Analyse av kor mange eigne tilsette verksemndene har innanfor dei seks kompetanseområda som er skildra i § 3 i forskrifta.

Aktivitet

Forskrift om krav til kompetanse hos anleggs- og område-konsesjonærar (kompetanseforskrifta) vart sett i kraft 01.07.2011 med ein overgangsperiode på to år for etablerte verksemder. Denne overgangsperioden vart avslutta 01.07.2013.

NVE har i 2013 informert om forskrifta, handtvert spørsmål frå verksemder og advokatar om korleis ein skal forstå den, og førebudd eit skriftleg tilsyn med etterlevinga av forskrifta. Tilsynet skulle ta føre seg alle nettselskap med inntektsramme, om lag 150.

Det førebudde skriftlege tilsynet med nettselskapa vart ikkje gjennomført etter signal frå Olje- og energidepartementet, då den nye regjeringa si plattform har varsle endringar i regelverket.

Resultat

På bakgrunn av ønskje frå Olje- og energidepartementet har NVE ikkje gjennomført tilsyn med nettselskap med inntektsramme om korleis dei stettar krava til eigenbemanning i kompetanseforskrifta.

Vurdering

NVE sitt generelle inntrykk er at bransjen har jobba godt med å tilpasse seg krava i kompetanseforskrifta. Det er likevel ikkje mogleg å seie noko konkret om dette, då skriftleg tilsyn ikkje vart gjennomført.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap

Heimel

Energilova §§ 10-1, kompetanseforskrifta §§ 3, 5 og 7.

Tilsynsgrunnlag

Kompetanseforskrifta §§ 3 og 5.

3.7 Gassanlegg nedstraums

Tema for tilsyn

- kompetanse i selskapet
- drift, vedlikehald og utvikling av anlegget
- leveringsgaranti
- informasjonsplikt til forbrukar

Aktivitet 1 revisjon

Vurdering

Verksemda ser ut til å ha god driftskontroll gjennom bemanning og rutinar for å sikre ei påliteleg energi-

levering og eit systematisk vedlikehald.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk

Heimel

Naturgassforskrifta § 4-1, jf. naturgasslova § 4 og naturgassforskrifta kap. 4

Tilsynsgrunnlag

Naturgassforskrifta kap. 3

3.8 Kraftsystemutgreiingar

Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar ordninga med kraftsystemutgreiingar. Kraftsystemutgreiingane blir utarbeida annakvart år. I 2013 vart det berre utarbeida kraftsystemutgreiing for sentralnettet. NVE vil føre tilsyn med denne i løpet av 2014. Dei regionale kraftsystemutgreiingane skal leverast i 2014, og vil bli ført tilsyn med i løpet av 2014. I 2013 er det derfor ikkje ført nokon tilsyn med ordninga med kraftsystemutgreiingar.

Aktivitet

Tilsynet utførast vanlegvis ved gjennomgang av kraftsystemutgreiingar som er sende inn til NVE.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for nett

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, energiutreiingsforskrifta kap. 5

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 7-1, energilovforskrifta § 7-1, energiutreiingsforskrifta kap. 1 og 3

3.9 Rasjoneringsplanar

Tema for tilsyn

Krava om å ha utarbeidd ein rasjoneringsplan i samsvar med rasjoneringsforskrifta og vedtak 6. november 2006 "Innhold i planverket for kraftrasjonering – Nytt vedtak".

Aktivitet

Tilsynsaktiviteten for 2013 har vore 2 revisjonar og oppfølging av 2 revisjonar med rasjoneringsplanar som blei starta i 2012.

Resultat

Ved revisjonar i 2013 er det gitt 2 avvik og 11 merknader. Avvika omfatta blant anna manglar knytt til samarbeid med lokale myndigheter og innehavarar av samfunnskritiske funksjonar. For dei avvika som er gitt for revisjonar som blei starta i 2012, blei alle avvika lukka i løpet av 2013.

Vurdering

Dei nettselskapa som har hatt tilsyn i 2013 har framvist rasjoneringsplanar av forholdsvis høg kvalitet. Begge selskap er gitt avvik hovudsakleg på grunn av manglande formalisering av samarbeid med andre aktørar. Dette avviket er ein gjengangar ved fleire tilsyn. Det er framleis behov for forsterka innsats med informasjon, opplæring og tilsyn.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for nett.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, rasjoneringsforskrifta kap. 4.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § -2, energilovforskrifta § 6-2, rasjoneringsforskrifta, NVE sitt vedtak av 6. november 2006 "Innhold i planverket for kraftrasjonering – Nytt vedtak".

3.10 Lokale energiutgreiingar

- Om områdekonsesjonær har utarbeida og oppdatert ei energiutgreiing for kvar kommune i konsesjonsområdet annakvart år.
- At det minst ein gong annakvart år avhaldast eit lokalt energiutgreiingsmøte med kommunen, andre relevante energiaktørar og lokal presse.

Aktivitet

NVE har følgt opp innrapportering av lokale energiutgreiingar. Det er ikkje gjennomført tilsyn for kommunar i 2013.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk

Heimel

Energilova § 10-1; energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, energiutreiingsforskrifta kap. 3

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 7-1, energilovforskrifta § 7-1, energiutreiingsforskrifta kap.2

3.11 Statnett si utøving av systemansvaret

Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar at vilkåra i systemansvarsrekvensjonen og systemansvarsforskrifta, i tillegg til dei andre føresegnene om systemansvaret i energilova og energilovforskrifta, blir følgde.

Aktivitet

NVE har i 2013 hatt fokus på oppfølging av tidlegare tilsyn med Statnett si utøving av systemansvaret som avdekker rom for forbetrinigar både i 2011 og 2012. Det er ikkje gjennomført nye revisjonar med utøving av systemansvaret i 2013. NVE har lagt vekt på å ha ei meir heilskapeleg og kontinuerleg oppfølging.

Resultat

NVE har ikkje avdekkja nye tilhøve der NVE har sett det naudsynt å følgje opp med vedtak i 2013.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av nettenester.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3 og systemansvarsforskrifta §§ 25, 26 og 26 a

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 6-1, energilovforskrifta § 6-1, systemansvarsforskrifta og konsesjonen for å utøve systemansvaret i det norske kraftsystemet

3.12 Kraftmarknadsåtfærd

Tema for tilsyn

Tilsynet gjeld nettselskapet si nøytralitetsplikt og informasjonsplikt, rutinar for å overhalde nøytralitetsplikta, prising og praktisering av leveringspliktige kraftleveransar, utforming av nettleigefaktura, nøytralitet og informasjonsplikt på internett og overvakingsprogram for nøytralitet.

Aktivitet

I 2012 vart det gjennomført 126 skriftlege tilsyn med huvudekt på nettselskapets nøytralitet og informasjonsplikt. Det skriftlege tilsynet vart utført ved at nettselskapet måtte fylle ut svar på spørsmål i eit skjema om oppfyllinga av krav til nettselskapet sin nøytralitet og informasjonsplikt. Arbeidet med å avslutte desse tilsyna vart sluttført i 2013.

Resultat

I samband med tilsyna frå 2012 vart det avdekkja 993 avvik. I løpet av 2012 og 2013 vart alle desse avvika lukka. I denne samanhengen fatta NVE vedtak om retting og vedtak om tvangsmulkt ovanfor 24 nettselskap.

Vurdering

Dei vanlegaste avvika som vart avdekte var:

- Nettselskapet hadde ikkje fullstendige rutinar for ivaretaking av nøytralitetskrava.

■ Det var eit utydeleg skilje mellom nettselskapet og den vertikalt integrerte kraftleverandøren i kommunikasjon med kundar.

■ Det var felles kontaktinformasjon til nettselskapet og den vertikalt integrerte kraftleverandøren, til dømes telefonnummer og internetsider.

■ Nettleigefakturaen oppfylte ikkje krav til informasjon og nøytralitet.

■ Informasjonen på internetsidene til nettselskapet tilfredsstilte ikkje krava til nøytralitet og informasjonsplikt.

Nøkkelen til å overhalde regelverket ligg, slik NVE ser det, i gode og innarbeidde rutinar, og i at leiinga i nettselskapet involverer seg aktivt. Sjølv om gjennomføringa av desse tilsyna har betra forholda, ser NVE framleis behov for aktiv oppfølging av at desse krava blir overheldt.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukermarknad.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 3-3, energilovforskrifta § 4-4 bokstav e, avrekningsforskrifta §§ 2-1a, 7-2, 7-3, og 8-1, omsettingskonsesjonar, særleg vilkår 3.3, alternativt vilkår 3.6

3.13 Regulerkraftavrekning

Tema for tilsyn Statnett SF er i meldhald av energiloven § 4-3 tildelt konsesjon for avrekningsansvarleg. Konsesjonær plikter å utføre regulerkraftavrekning. Konsesjonen har vilkår om at regulerkraftavrekning skal handterast på ein effektiv og hensiktsmessig måte. NVE fører tilsyn med at vilkåra i avrekningskonsesjonen overhalda.	Utøver av tilsyn Elmarknadstilsynet, seksjon for engrosmarknaden
Aktivitet NVE følger opp Statnett SF si etterleiving av avrekningskonsesjonen med faste møter. Samtidig mottar NVE den årlege rapporten frå Statnett SF om utføringa av avrekningsansvaret.	Hjemmel Energilova § 10-1, energilovforskrifta § 9-2.
Resultat NVE har ikkje avdekkja forhold der NVE har sett det naudsynt å følge opp med vedtak.	Tilsynsgrunnlag Energilova § 4-3, energilovforskrifta § 4-5, måling og avrekningsforskrifta kap. 5, avrekningskonsesjonen.
Vurdering NVE vurderar at utføringa av avrekningsansvaret er tilfredsstillande.	

3.14 Marknadslass for kraftomsetning

Tema for tilsyn Nord Pool Spot AS har konsesjon for organisering og drift av marknadslass for handel med elektrisk energi for fysisk levering (marknadsplasskonsesjon). NVE førar tilsyn med at ein rettar seg etter vilkåra i marknadsplasskonsesjonen.	Utøver av tilsyn Elmarknadstilsynet, seksjon for engrosmarknad
Aktivitet NVE følgjer opp Nord Pool Spot AS med faste møter, samt eigne møter med marknadsovervakkinga ved Nord Pool Spot AS.	Hjemmel Energilova kap. 10, energilovforskrift §§ 9-2 og 9-3
Resultat NVE har ikkje avdekkja tilhøve i 2013 der NVE har sett det naudsynt å følge opp med vedtak.	Tilsynsgrunnlag Energilova § 4-5, energilovforskrift §§ 4-6 til 4-8, marknadsplasskonsesjonen

3.15 Utanlandshandel

Tema for tilsyn

Nord Pool Spot AS og Statnett har konsesjonar for tilrettelegging av kraftutveksling med andre nordiske land (utanlandskonsesjon). Vidare har Statnett og Nord Pool Spot konsesjon for tilrettelegging av kraftutveksling med Nederland (NorNed-kabelen). I tillegg har Statnett konsesjon for tilrettelegging for import av kraft frå Russland. NVE fører tilsyn med at ein rettar seg etter vilkåra i utanlandskonsesjonane.

Aktivitet

NVE har jamlege oppfølgingsmøter med aktørane som har utanlandskonsesjonar. Tilsynet inngår i ordinære møter med Nord Pool Spot AS og Statnett som systemansvarleg. I tilsynet med DC-kabler mot utlandet har NVE hatt møter med både Statnett og nederlandske og danske energimyndigheter.

Resultat

NVE har ikkje avdekkja tilhøve der NVE har sett det naudsynt å følge opp med vedtak.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for engrosmarknaden i samarbeid med seksjon for nett i Energiavdelinga

Heimel

Energilova kap.10, energilosforskrifta §§ 9-2 og 9-3

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 4-2, konsesjonar

3.16 Tariffering/nettleige, anleggsbidrag og tilknytningsplikt

Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar tariffering, anleggsbidrag, og tilknytningsplikt.

også avdekkja spesialtariffar som ikkje var grunngjeve i relevante nettforhold.

Aktivitet

Det blei i 2013 gjennomført 11 revisjonar. NVE er klageorgan og behandler tvistar mellom nettkundar og nettselskap om nettleige og vilkår for nett-tilknyting. Seksjonen har fått inn 21 klager i tvistesaker som omhandler tariffering, anleggsbidrag eller tilknytningsplikt innan 2013, og fatta vedtak i 18 av klagene.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av nettenester

Heimel

Energilova kap. 10, kontrollforskrifta §§ 18-1 og 18-1 a

Tilsynsgrunnlag

Kontrollforskrifta del I, II og V

Resultat

Det blei avdekkja til saman 63 avvik og 5 merknader under revisjonane. I tillegg blei det fatta tolv vedtak om retting og eitt vedtak om lovbrotsgebyr.

Vurdering

Talet på avvik og merknader er omrent det same i 2013 som i 2012. NVE avdekkja fleire brot på regelverket for berekning av anleggsbidrag hos alle dei kontrollerte selskapa. Ei forbetring er at dei fleste selskapa no har skriftlege rutinar for berekning av anleggsbidrag. Rutinar for berekning av anleggsbidrag er viktig for å sikre at kundane blir behandla likt. Dei fleste avvika gjekk på at det var feil berekning av anleggsbidrag. Det blei

3.17 Økonomisk og teknisk rapportering

Tema for tilsyn

Utfører tilsyn med den økonomiske og tekniske rapporteringa til NVE og SSB (eRapp) frå rapporteringspliktige omsetningskonsesjonærar, for verksemderområda omsetting, produksjon og nettverksemd. For nettselskapen blir det ført utvida tilsyn med vekt på inntekter, kostnadar samt økonomisk og teknisk informasjon om overføringsanlegg. Denne informasjonen ligg til grunn for den årlege fastsettinga av inntektsrammene og meir/mindreinntekt for det einskilde nettselskapet.

Grunnlaget for tilsyna er økonomisk og teknisk rapportering til NVE og SSB (eRapp) og tekniske verdiar rapporterte i tekniske rapportar (TEK).

Aktivitet

Årleg ordinær kontroll av 294 selskap med produksjon, omsetting og/eller nettverksemd. Kontrollane gjeld samsvar for inntekter, kostnadar, balanseverdiar m.m., mellom eRapp og selskapen sine offisielle årsrekneskap for rekneskapsåret 2012. Kontrollane skjer automatisk og manuelt ved innlevering til NVE. Innleveringa til NVE inneholder revisor si stadfesting ved "Avtalte kontrollhandlingar" for rapporteringa i eRapp samt segmentinformasjon gitt i årsrekneskap. Avdekka uklare forhold, merknader eller avvik i rapporteringane blir retta opp av dei aktuelle selskapen. Kontrollen i 2013 omfatta 150 nettselskap (inkludert Statnett SF) og 144 selskap med berre produksjon og/eller omsetting.

Revisjonar hos 11 nettselskap med kontroll av økonomiske og tekniske verdiar i eRapp og tekniske verdiar i TEK med hovudvekt på rekneskapsåret 2012.

Resultat

Årleg kontroll: 410 avvik og 15 merknader, fordelt på 131 nettselskap Revisjonar: 126 avvik og 25 merknader I samband med årleg kontroll er det gitt 11 varsel om tvangsmulkt. I tilknyting til stadleg revisjon er det gitt 6 varsel om tvangsmulkt.

Vurdering

Den årlege kontrollen avdekka ingen særskilde tilhøve. Dei 410 avvika og dei 15 merknadene gjeld i hovudsak feilpostering av økonomiske beløp og manglande informasjon. Fleire av avvika følgjer av kvarandre. Endringa i talet på avvik og merknader i 2013 samanlikna med 2012 kjem til dels av endra og fleire kontrollpunkt.

Ved revisjonar hos nettselskapen blei det funne avvik på enkelte område. Avvika gjaldt hovudsakleg feilføring av økonomiske verdiar i eRapp. Dette førte til at selskapen måtte rapportere inn nye data, og/eller må endre

rutinane før neste rapporteringsperiode. Av desse måtte to rapportere i eRapp på nytt. Merknadene kjem i hovudsak av mangelfulle rutinar for oppdatering av tekniske verdiar knytte til overføringsanlegg.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for økonomisk regulering

Heimel

Energilova kap. 10, forskrift om kontroll av nettverksemde §§ 18-1 og 18-1a

Tilsynsgrunnlag

Forskrift om kontroll av nettverksemde del I, II og IV

3.18 Leveringskvalitet og feilanalyse

Tema for tilsyn

- Kontroll av at konsesjonærar med inntektsramme (ca. 160 stk.) oppfyller krav til leveringskvalitet, feilanalyse og statistikk. Kontrollane blir gjennomførte som revisjonar.
- Kontroll av innrapporterte avbrotsdata for 2012: Omfattar alle konsesjonærar med inntektsramme, nett og sluttbrukarar. Desse skal rapportere avbrotsdata for eigne sluttbrukarar for føregåande år innan 1. mars kvart år. For rapporteringsåret 2012 gjaldt dette 131 nettselskap.
- Oppfølging av avvik funne hos eit nettselskap under handsaming av klagesak.

Aktivitet

Det er gjennomført 10 revisjonar. Alle revisionane dreidde seg om den delen av leveringskvalitetsforskrifta som gjer greie for registrering og rapportering av avbrot og om krav til feilanalyse og statistikk gitt i § 22 i systemansvarsforskrifta.

I tillegg er det gjennomført kontroll av avbrotsdata for 2012 som er rapportert inn. Det blei utført visuell kontroll av alle tekstfilane, og i tillegg nokre stikkprøver i form av kontrollberekingar.

Under handsaming av ei klagesak kom det fram at eit nettselskap hadde ufullstendige rutinar ved dokumentasjon av spenningskvalitet. NVE opna tilsyn for å få stadfeste at selskapet har retta desse rutinane.

Resultat

Revisjonar: 30 avvik og 44 merknader.

Avvika blei gitt innanfor desse områda:

- a) Selskapskal registrere og rapportere avbrot som har hatt varigheit lenger enn varsle som ikkje varsle avbrot, men nokre av revisionane fann ut at dei ikkje alltid gjer dette.
- b) Registrering og rapportering av leveringspålitelaghet av umålt og av provisorisk forbruk
- c) Registrering av kunde i feil sluttbrukargruppe.
- d) Manglande rapportering av hending i FASIT programvare
- e) Manglande rapportering om vesentlege endringar i FASIT.
- f) Feil registrering i nettinformasjonssystem og rapportering av leveringspålitelaghet av utvekslingspunkt mot nabo-e-verk.
- g) Ikke oppgitt korrekt ansvarleg konsesjonær for avbrot i registrering og rapportering av leveringspålitelaghet.
- h) Selskapa har ikkje registrert treviklingstransformatorar med korrekt tal på rapporteringspunkt.
- i) Selskapa har ikkje rapport feil i regionalnettet forløpende til systemansvarleg.

Kontroll av innrapporterte avbrotsdata for 2012:
29 selskap måtte sende inn ny rapporteringsfil på grunn av feil som kunne vere:

- a) Innlanding av feil fil.
- b) Feil innsende opplysningar om selskap og kontaktinformasjon.
- c) Feil oppgitt tal på sluttbrukarar i sluttbrukargruppe.
- d) Oppgitt kundar på spesifikt nettnivå utan at det var oppgitt noko energiforbruk.
- e) Feil oppføring av ansvarleg konsesjonær.

Tilsyn etter handsaming av klagesak:

Eit nettselskap fekk eitt avvik for å ikkje ha opplyst om nøyaktigheita til måleinstrumentet i samband med ei klagesak.

Vurdering

Vurderinga er gjort for punkta som korresponderar med dei som er oppgitt under "Resultat" ovanfor. Vurderingane for 2013 er samanlikna med tilsvarende revisjonar f.o.m. 2008.

Revisjonar:

- a) NVE legg vekt på at tilfelle der det er stor forskjell på varsle og faktisk varigheit, bør dette rapporteraast riktig.
- b) Sjølv om det framleis blir avdekka avvik, ser det ut til å vere noko større merksemd rundt registrering og rapportering av umålt og provisorisk forbruk.
- c) For å få riktig berekning av KILE og riktig avbrotstastikk er det viktig at sluttbrukarane er registrert i korrekt sluttbrukargruppe.
- d) For at avbrotstatistikken og berekning av KILE skal bli korrekt er det viktig at alle avbrot der sluttbrukarar er ramma blir registrert og rapportert i FASIT.
- e) For å kunne forklare endringar i avbrotstatistikken frå år til år må nettselskapa ved rapportering av FASIT-data forklare eventuelle endringar i statistikken i forhold til året før.
- f) Eit nettselskap hadde definert eit målepunkt mot nabo-nettselskapet sitt nett som ein sluttbrukar, noko som ikkje er riktig.
- g) Når sluttbrukarane til eit nettselskap opplever avbrot på grunn av ein feil hos eit anna nettselskap, er det viktig at riktig nettselskap blir rapportert som ansvarleg for avbrotet i FASIT.
- h) Rapporteringspunkt blir brukt i avbrotstatistikken og det er viktig at selskapa rapporterer korrekt tal på rapporteringspunkt.
- i) Systemansvarleg skal fortløpende ha informasjon om feil som skjer i regional- og sentralnettet.

Kontroll av innrapporterte avbrotsdata for 2012:

Selskapa rapporterte med ein FASIT programvare versjon 2011 som var identisk med versjonen 2012, og det var dessutan færre uregelmessige rapporteringar for 2012.

3.18 Leveringskvalitet og feilanalyse, forts.

Tilsyn etter handsaming av klagesak:

Avvik grunna manglende rutine med å informere om unøyaktig måling når selskapet kontrollerer om krava til spenningskvalitet er innanfor lovlege grenseverdiar.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for nettenester

Heimel

Energilova § 10-1, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, leveringskvalitetsforskrifta § 5-1

Tilsynsgrunnlag

Leveringskvalitetsforskrifta, systemansvarsforskrifta § 22

3.19 Prising av sertifikatkostnadene i sluttbrukarmarknaden

Tema for tilsyn

Tilsynet gjeld plikta som kraftleverandørane har til å la kostnadene til energisertifikat vere eit internt element i prisane på kraft. Det vil seie at leverandørane ikkje kan operere med sertifikatkostnadene som eit eige element i prisinformasjon og faktura.

Særleg gjeld dette prisar på produkta "spotkraft med påslag" og "kraft til innkjøpspris" – to produkt som har fått ein markant større del av omsetnaden til sluttbrukarar dei siste åra.

Aktivitet

Det er gjort 112 kontrollar av nettsidene til norske selskap med levering til sluttbrukarar. Dette utgjer 100 % av denne type aktørar i det norske kraftmarkedet. Målet med kontrollen er å sjå til at desse selskapa overheld kravet om å inkludere sertifikatkostnadene i påslaga sine.

Resultat

I samband med dei 112 kontrollane av internetsidene vart det avdekkja totalt 22 avvik og 0 merknader. 20 av desse avvika er korrigert av aktørane i løpet av 2013. 2 avvik er framleis ikkje lukka.

Vurdering

Det mest vanlege avviket var at leverandøren har nyttet elsertifikatkostnaden som eit eige eksplisitt påslag, det vil seie som eit tillegg til selskapet sitt øvrige påslag på kraftprisen.

NVE vurderer talet på avvik som høgt i høve til at alle aktørane skulle vere kjende med forskrift om elsertifikat, § 23.

Selskapa sine evner og vilje til å overhalde regelverket ligg mellom anna i gode forskrifter, der det ikkje er rom for tvil om korleis reglane skal tolkast og handhevast. Mange av selskapa hadde ei anna tolking av Forskrift om elsertifikat enn NVE.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknad

Heimel

Forskrift om elsertifikat § 23

Tilsynsgrunnlag

Energilovforskrifta § 9-2 og § 9-3

3.20 Elsertifikat

Tema for tilsyn

Tilsynet er delt i tre tema der like nummer er knytta til same tema.

1. Kontroll av at kraftverk som har søkt om deltaking i ordninga med elsertifikat er bygd etter vilkår gjeve i konseksjonar eller fritak frå konseksjon.
2. Registrering av elsertifikatpliktige iht. Elsertifikatforskrifta.
3. Kontroll av kvartalsvis rapportering av berekningsrelevant volum.

Aktivitet

1. Moglege avvik vart avdekt i sakshandsaminga av elsertifikatsøknadar som er komne inn til NVE. Opplysningane om kraftverket vart sjekka mot mellom anna data Statnett har på kva maksimal produksjon er for kraftverket. I tillegg er opplysningar om kraftverket sjekka ved at dei er bedt om å sende inn ulik dokumentasjon.

2. NVE har på bakgrunn av mellom anna lister frå nedselskap vore i kontakt med potensielle elsertifikatpliktige. Dette er gjort for å sikre at alle elsertifikatpliktige vart registrert som elsertifikatpliktige hos NVE og at desse også opprettar konto hos Statnett iht. elsertifikatforskrifta.

3. I samarbeid med Statnett har NVE bedt større kraftleverandørar og nedselskap kontrollere berekningsrelevant volum rapportert i elsertifikatregisteret.

Resultat

1. I 2013 har 54 kraftverk blitt undersøkt nærmare av konseksjonsavdelinga, medan nokre få søknadar framleis ventar på å bli undersøkt.
2. Av 83 potensielle elsertifikatpliktige var til saman 37 kraftleverandørar, kommunar og nedselskap elsertifikatpliktige. Desse har no registrert seg som elsertifikatpliktig hos NVE, og oppretta konto i elsertifikatregisteret.



3.21 Opphavsgarantiar

Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar ordninga med opphavsgarantiar. I arbeidet med å handsame søknadar for rett til opphavsgarantiar har det i 2013 vore mange fornaya godkjenningar. Det vil seie at dei fyrste kraftverka som vart godkjent for 5 år sida, no må godkjennast på nytt.

Aktivitet

Det har ikkje vore fysiske tilsyn med kraftverk i 2013, men nokre av søknadane har blitt sett i samanheng med søknadar om elsertifikat, og derfor avdekkja avvik.

Vurdering

Tilsynet knytt til opphavsgarantiar har vore lite prioritert i 2013 på grunn av eit omfattande arbeid med sakshandsaming i elsertifikatordninga.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for fornybar energi

Heimel

Forskrift 14. desember 2007 nr 1652 om opphavsgarantiar for produksjon av elektrisk energi (forskrift om opphavsgarantiar). Endra 21.12.2011 nr 1470.

Tilsynsgrunnlag

Forskrift om opphavsgarantiar.

3.22 Miljøtilsyn ved energianlegg

Tema for tilsyn

Miljøtilsynet si oppgåve i tilknyting til energianlegg er å:

- godkjenne og følge opp miljø-, transport- og anleggsplanar for energianlegg
- kontrollere at utbyggingane er gjorde i samsvar med godkjende planar
- kontrollere at konsesjonærane held seg innanfor tillatne rammer i driftsfasen

Aktivitet

Det er gjennomført 2 revisjonar av nettselskap. I alt er det gjort 21 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø /transport/anleggsplanar. Dei fordeler seg på kraftleidningar (16 planar), transformatorstasjonar (2 planar), vindkraftanlegg (2 planar) og fjernvarme (1 plan).

Det er gjennomført 7 stadlege inspeksjonar av konseksjonerte anlegg fordelte på 2 inspeksjonar av kraftleidningar, 2 inspeksjonar av transformatorstasjon og 3 inspeksjonar av vindkraftverk.

Resultat

I samband med revisjonen blei det avdekt 1 avvik og 2 merknader, og ved inspeksjonar er det gitt 19 merknader.

Vurdering

Inspeksjonar i byggjefasen av vindkraft og store kraftleidningar har vist at det er behov for oppfølging frå miljøtilsynet.

Grunna bemanning og mange detaljplanar til godkjenning, har omfang av revisjonar og inspeksjonar vore mindre enn planlagt.

Erfaringane frå våre tilsyn og inspeksjonar har vist at det er behov for oppfølging frå miljøtilsynet. Tilsynsbehovet varierer sterkt. Store prosjekt i sentralnettet krev oppfølging i ulike fasar av anleggsperioden.

Utøvar av tilsynet


Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for miljøtilsyn

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3

Tilsynsgrunnlag

Energilova §§ 3-1, 3-2 og 3-5, energilovforskrifta §§ 3-1 og 3-5 bokstav b og d, konsesjonar



3.23 Energimerking av bygningar ved sal og utleige

<p>Tema for tilsyn Energimerking av bygningar ved sal og utleige.</p> <p>Aktivitet I mai 2013 signerte NVE og Norconsult ei toårig avtale om kontroll med reglane i energimerkeforskrifta, særleg energimerking av bygningar og bustader, og energivurdering av tekniske anlegg. Verksemda starta med kontroll av eit mindre utval bygg (10 stykke) som hadde gjennomført energimerking, for å finne gode rutinar. Røyslene er omtalt i Norconsult sin rapport av 15.10.2013.</p> <p>I november starta Norconsult ein ny fase med kontroll av eit utval yrkesbygg. Arbeidet er venta avslutta tidleg i 2014.</p> <p>Resultat Å samle inn informasjonen var tidkrevjande. Det blei funne avvik for nær alle bygningane, men ikkje alle hadde betydning for energimerket. Mindre enn halvdelen av bygga hadde fått utført energivurdering av dei tekniske anlegga. Ein av ekspertane oppfylte ikkje krava til kompetanse.</p>	<p>Vurdering Kontrollen vil vere ei viktig røysle for vidare kontrollaktivitet. Resultatet viser også at det er viktig med rettleiing for ekspertane om energimerking. Dei to rettlegingsdokumenta som er utgjevne i haust er difor viktige. Resultatet syner også at kontrollen gir viktig kunnskap tilbake til NVE om korleis reglane blir forstått og praktisert.</p> <p>Utøvar av tilsynet Energiavdelinga, seksjon for energibruk</p> <p>Heimel Energilova kap. 10, energimerkeforskrifta § 21</p> <p>Tilsynsgrunnlag Energilova kap. 8, energimerkeforskrifta kap. II og III</p>
---	--

3.24 Energimerking av kvitevarer

<p>Tema for tilsyn Gjennom tilsynet blir det kontrollert at kvitevarer og andre hushaldsapparat overheld dei krav som gjeld med omsyn til opplysingane på energimerkeetiketten, samt at etiketten følger utstilt produkt.</p> <p>Aktivitet Det er ikkje gjort kontroll i butikk i 2013.</p> <p>Laboratoriekontroll blei starta i slutten av 2013, og utførast på 10 modellar av såkalla sparepærer, dvs. kompaktlysrør med integrert ballast. Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking.</p> <p>For energimerket testar vi om det er samsvar mellom merkinga av produktet i forhold til faktisk energibruk. Desse kontrollane måler blant anna lysfluks (lumen) og effekt (watt). Laboratoriemålingar er utført av Teknologisk Institutt, Taastrup Danmark, på oppdrag frå NVE.</p> <p>Prestanda for testproduktet samanliknast med minimumskrava som er sett til produktet for dei ulike energimerkeklassene A til G.</p>	<p>Det har ikkje vore felles nordiske kontrollar i 2013, men NVE er i tett samarbeid med tilsynsmyndighetene i dei andre nordiske landa.</p> <p>Resultat Laboratoriekontrollen av sparepærer er ikkje avslutta, og vil bli rapportert i 2014 når heile testen er gjennomført.</p> <p>Utøvar av tilsynet Energiavdelinga, seksjon for energibruk.</p> <p>Heimel Lov om merking av forbruksvarer § 3. For ulike kategoriar av hushaldsapparat ligg det føre eigne forskrifter for gjennomføring av direktiv 92/75/EØF om energimerking.</p>
---	--

3.25 Økodesign

Tema for tilsyn

Gjennom tilsynet blei det kontrollert at energirelaterte produkt som er omfatta av økodesignforskrifta overheld dei spesifikke krava til miljøvennleg utforming.

Aktivitet

Det er ikkje gjort kontroll i butikk i 2013.

Laboratoriekontroll blei starta i slutten av 2013, og utførast på 10 modellar av såkalla sparepærer, dvs kompaktlysrør med integrert ballast. Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking.

Dei same modellane er også kontrollert med omsyn til produktinformasjon på emballasjen. Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking. Laboratoriemålingar blei utført av Teknologisk Institutt, Tastrup Danmark, på oppdrag frå NVE.

Kontrollane måler mellom anna lysfluks (Lumen) og effekt (Watt), antal gongar pæra kan tennast / slukkast med vidare.

Prestanda for testproduktet samanliknast med minimumskrava som er sett til produktet.

Det har ikkje vore felles nordiske kontrollar i 2013, men NVE er i tett samarbeid med tilsynsmyndighetene i dei andre nordiske landa.

For kjølehjørne vart det i 2013 fatta tre vedtak om omsettingsforbod. Det vart klaga på alle vedtaka, og dei vart gjeve oppsettande verknad. Klagesaka er sendt til departementet for handsaming.

Resultat

Laboratoriekontrolen av sparepærer er ikkje avslutta. Resultata vil difor bli rapportert i 2014, når heile testen er gjennomført.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk.

Heimel

Lov om merking av forbruksvarer § 3. For ulike kategoriar av hushaldsapparat ligg det føre eigne forskrifter for gjennomføring av direktiv 92/75/EØF om energimerking.

Tilsynsgrunnlag

Økodesignforskrifta kap. 2 og 3

3.26 Energy Star

Tema for tilsyn

NVE er klageorgan for eit eventuelt misbruk av det fri-villige energimerket Energy Star. Energy Star-merket blir nytta på kontorutstyr (IKT-utstyr). Merkeordninga tok til å gjelde i Noreg i 2005.

Aktivitet

Ingen spesiell aktivitet utover permanent website om ordninga. Sidan ordninga tredde i kraft i 2005 har ikkje NVE motteke klagar på misbruk av merkeordninga.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk

Heimel

Lov om merking av forbruksvarer § 5

Tilsynsgrunnlag

Forskrift om Energy Star-merket



3.27 Program for energieffektivisering i energiintensiv industri

Tema for tilsyn

Føretak innanfor energiintensiv treforedlingsindustri (dvs. der innkjøpskostnaden av energivarer inklusiv elektrisitet utgjer minst 3 % av produksjonsverdien, eller energiavgifter utgjer minst 0,5 % av foredlingsverdien) kan søke om å delta i eit program for energieffektivisering i energiintensiv industri (PFE) og på den måten få fritak frå elavgifta på 0,45 øre per kWh. Deltakinga blir stadfesta ved at det blir inngått ein avtale mellom føretaket og NVE.

Gjennom tilsynet blir det kontrollert at deltakarane overheld krav til å delta i ordninga, krav til energileiings-system og andre krav til energieffektiviseringstiltak som er tekne inn i avtalane. Det har særskilt blitt kontrollert om eit føretak som er meldt konkurs, vil bli vidareført, og i kva grad vilkåra for å delta vidare i programmet, og dermed få fritak frå å betale elavgift, vil vere oppfylte ved vidare drift.

Aktivitet

Det er vidare gjennomført 2 stadlege tilsyn (revisjonar) kor det blei gjort inspeksjon av anlegg og dokument-gjennomgang.

Vurdering

Dei funn som blei gjort syner at bedriftene som deltek i programmet etterlever avtalen dei har inngått med NVE på ein god måte. Programmet avsluttast 1. juli 2014.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk

Heimel

Avtalane § 19, § 20, § 22

Tilsynsgrunnlag

Avtalane §§ 5-11 til § 14



4. NVEs bruk av reaksjonar for brot på energi- og vassdragslovgivinga

4.1 Samla oversikt

NVEs reaksjonsmidlar er hovudsakleg heimla i energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova. NVE har heimlar til å gjere vedtak om retting, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og tilbaketrekking av konsesjon. I tillegg kan vi melde føretak og enkeltpersonar for brot på lovverket til politiet. Det er i 2013 varsla litt over 300 reaksjonar og gjort nærare 250 vedtak om bruk av reaksjonar.

Reaksjonsvedtak og varslar i 2013:

Varsel om retting	119
Vedtak om retting	193
Varsel om tvangsmulkt	180
Vedtak om tvangsmulkt	48
Varsel om lovbrotsgebyr	8
Vedtak om lovbrotsgebyr	8
Melding til politiet	0

Generelt registrerer vi at det ikkje nødvendigvis er samsvar mellom tal på varsel og tal på vedtak for same type reaksjon. Det er fleire grunnar til det. Mange av dei sakene som NVE har til handsaming tar tid. Difor vil eit varsel om reaksjon eit år ikkje alltid bli fylgt opp med eit vedtak om reaksjon det same året. Ein annan faktor er at varselet førar til kommentarar som synar at det ikkje er rett å fatte vedtak. Dessutan kan varselet i seg sjølv ha den verknaden som er ønska. Vi erfarer også at tvangsmulkt sjeldan har tatt til å løpe sjølv om det er fatta vedtak. I slike høve forstår tiltakshavar at det er meir gunstig å rette det lovlause forholdet enn å la vere å gjere noko.

Det er i 2013 gjort omlag 190 vedtak om retting av ulovlege tilhøve ved vassdrags- og energianlegg. Rundt 150 av desse vedtaka gjeld tryggleik ved dammar og andre vassdragsanlegg, og i all hovudsak dreier det seg om manglande innrapportering av opplysningars. I mange av sakene er det, samstundes med vedtak om retting, også gjort varsel eller vedtak om tvangsmulkt. Omlag 20 vedtak om retting gjeld brot på forskrift om førebyggande tryggleik og beredskap i energiforsyninga (beredskapsforskrifta). Det same talet med vedtak gjeld brot på berekning av anleggsbidrag og tariffering av uttak og produksjon (kontrollforskrifta).

Omlag halvparten av sakene som har resultert i vedtak om tvangsmulkt er på eitt område. Det gjeld tryggleiken ved dammar og dreier seg om manglande innrapportering av opplysningars. Dei andre vedtaka er jamt fordelt på alle dei andre tilsvinsområda.

4.2 Meldingar til politiet og lovbrotsgebyr

I 2013 har NVE ikkje meldt selskap til politiet for brot verken på energi- eller vassdragslovgivinga.

NVE har gjort åtte vedtak om lovbrotsgebyr. To av vedtaka

gjeld brot på energilovgjevinga, medan seks vedtak gjeld brot på vassressurslova. Ein nærmare omtale av desse sakene følgjer. Det er stor forskjell på størrelsen på lovbrotsgebyra. Dette skuldast at det er fleire faktorar som blir vurdert. Dei viktigaste faktorane er kor grovt brotet er, skaden som brotet har ført med seg inkludert potensiell skade, har det vært fleire hendingar, og ikkje minst kor mykje føretaket har tent eller spart på det lovlause forholdet.

A Vassdrag

Lovbrotsgebyr - brot på føresetnader om konsesjonsfritak

I 2013 har NVE gjort tre vedtak om lovbrotsgebyret etter vassressurslova mot føretak som bygde eller drifta vasskraftverket deira i strid med føresetnaden om at kraftverket ikkje var konsesjonspliktig. Eit føretak hadde plombert røyret som skulle syte for slipp av alminneleg lågvassføring i anledning støypearbeid på kraftverket. Plomberinga var over eit mykje lengre tidsrom enn det som var naudsynt. Ut frå produksjonstala til kraftverket vart det estimert at vassdraget var tørt nedstrøms dammen omlag 45 prosent av tida. Føretaket blei anonymt meld til NVE. NVE gav eit lovbrotsgebyr på kroner 200 000.

Dei to andre føretaka blei påvist under kontroll i 2010 av over 40 kraftverk som vart bygd etter at NVE hadde gjort vedtak om at kraftverket ikkje var konsesjonspliktig. Dei to føretaka hadde ikkje syte for slipp av alminneleg lågvassføring. I tillegg var det andre grove brot. Eit føretak hadde demt opp og regulert ein innsjø med 1,75 meter. Oppdemminga førte til at ca 0,02 km² land blei lagt under vatn og at mange trær døydde. Manglande slipp av minstevassføring og regulering av ein innsjø førte til at vassdraget blei tørt med unntak av periodar med mykje nedbør. NVE gav eit lovbrotsgebyr på kroner 250 000.

Det andre føretaket som blei følt opp etter kontrollen i 2010 hadde bygd eit kraftverk som var omlag tre gongar større enn det blei søkt om, og som det blei gitt løyve til. Brota består i for stor røydiameter, for stor slukeevne og for stor installert effekt. I tillegg var det heller ikkje noko arrangement som skulle syte for at alminneleg lågvassføring rann forbi dammen når kraftverket var i drift. Ut i frå produksjonstala til kraftverka blei det estimert at vassdraget var tørt nedstrøms dammen omlag 80 prosent av tida. Under slike forhold seier det seg sjølv at vasslevande organismar må bli skadelidande. NVE gav eit lovbrotsgebyr på kroner 750 000. Det har komme ei klage på dette.

I alle desse tre sakene har det vore vanskeleg å anslå skadane på vasslevande organismar. Ein hovudgrunn til dette er at det ikkje blei gjennomført biologiske undersøkingar som grunnlag for handsaminga av søknadane om å bygge kraftverka. Ut i frå generelle vurderingar er dei største skadane forbunde med tørrlegging av vassdraget i lengre periodar.

Lovbrotsgebyr – brot på vilkår i konsesjonen

Eit småkraftverk fekk kroner 300 000 i lovbrotsgebyr for manglende etterleving av vilkåra i konsesjonen. Konsesjonær hadde bygd eit kraftverk med stor installert effekt. Ein konsekvens av dette er at kraftverket har nyttar meir vatn enn det som ligg til grunn i konsesjonen. Føretaket har klaga på vedtaket.

Eit føretak som produserar settefisk til akvakultur fekk eit lovbrotsgebyr på kroner 1 800 000 for brot på vassdragskonsesjonen. Føretaket hadde konsesjon til å regulere to innsjøar. I tillegg hadde dei løyve til midlertidig å senke vasstanden i dei to magasina med 0,5 meter ut over det konsesjonen tillet. Trass dette senka dei vatna ytterlegare med høvesvis 1,17 meter og 0,39 meter. Den ulovlege tappinga var omlag lik 80 prosent av det konsesjonen gav løyve til, og 60 prosent om ein inkluderar det midlertidige løyvet og gjorde det mogleg å ha mykje meir fisk i anlegget enn det ordinære tilslaget til vatna representerte. Den ulovlege senkinga førte til tørrlegging av den mest produktive delen av strandsona til vatna.

Lovbrotsgebyr – ulovleg hogst av kantvegetasjon

NVE vedtok lovbrotsgebyr etter vassressurslova til eit føretak for ulovleg hogst av cirka 115 meter kantvegetasjon langs eit verna vassdrag. Biologisk produksjon i ei elv er i stor grad avhengig av tilførsel av organisk materiale frå elvekanten. Når kantvegetasjonen blir fjerna, forsvinn denne tilførselen. Kantvegetasjonen som blei fjerna var dessutan ein viktig korridor for ulike organismar for deira rørsle langs vassdraget. Det hendar at kommunane vedtek at norske naturtypelokalitetar er særskilt viktige i deira forvaltning av arealbruk. I dette tilfellet hadde kommunen vedteke kantvegetasjonen som ein vernesone i ein særskilt natertype. NVE gav eit lovbrotsgebyr på kroner 100 000. Føretaket har klaga på vedtaket.

B Energiforsyning

Lovbrotsgebyr - manglende informasjon til utbyggar om anleggsbidrag

Seksjon for regulering av nettenester fatta i 2013 vedtak om lovbrotsgebyr på kroner 50 000 til eit nettselskap. Bakgrunnen var at selskapet i samband med tilknyting til eit næringsbygg ikkje kunne framlegge dokumentasjon på at utbyggar hadde vorte informert om at det ville bli kravd anleggsbidrag for tilknytinga.

NVE har tidlegare varsla at vi vil stille strengare krav til at kundane får tilstrekkeleg informasjon når dei ber om å bli knytt til nettet. Denne saka var den første kor det har blitt fatta vedtak om lovbrotsgebyr på bakgrunn av at nettselskapet ikkje har gitt tilstrekkeleg informasjon om kor mykje tilknyting vil koste.

I denne saka kom regninga på omlag kroner 800 000 svært overraskande på utbyggar. Sjølv om nettselskapet ikkje hadde informert skriftleg om at kunden måtte betale anleggsbidrag for å bli knytt til nettet, fann NVE at nettselskapet hadde rett til å krevje at kunden betaler anleggsbidraget. Samstundes meiner NVE at det er viktig at

nettselskapet informerer tilstrekkeleg om kva kunden skal betale, og at den manglende informasjonen til kunden var eit alvorleg brot på regelverket. NVE varsla med dette gebyret at NVE ser alvorleg på mangelfull informasjon til kundane om betaling for tilknyting. Det er nettselskapet sitt ansvar å gje tilstrekkeleg informasjon, sjølv om motparten kan seiast å vere ein profesjonell utbyggar.

Lovbrotsgebyr - brot på krav til nettselskap om nøytral oppreden

NVE har gitt eit nettselskap lovbrotsgebyr på 600 000 kroner for brot på krav om nøytral oppreden etter energilovforskrifta § 4-4 bokstav e første ledd og avrekningsforskrifta § 8-1 første punktum, irekna bokstav a, og andre ledd.

At nettselskapet opptrer nøytralt ovanfor alle kraftleverandørar, og dermed legg til rette for konkurranse mellom kraftleverandørane på like vilkår, er ein grunnleggande føresetnad for ein velfungerande kraftmarknad. Brot på kravet til nettselskapet om nøytral oppreden undergrev såleis sluttbrukarmarknaden.

I november 2011 sende nettselskapet ut eit informasjonsbrev til alle kundane til ein av kraftleverandørane i nettområdet. Denne kraftleverandøren hadde nett sagt opp avtala om fellesfakturering med nettselskapet. I brevet oppfordra nettselskapet kundane til å ta kontakt med nettselskapet eller lese meir på nettsida deira dersom kundane hadde eit ønske om å halde fram med fellesfakturering. Nettselskapet viste i brevet ikkje til si eiga nøytrale nettside, men til nettsida der den integrerte kraftleverandøren opptrer. Den integrerte kraftleverandøren var på dette tidspunktet den einaste som tilbaud fellesfakturering med nettselskapet. Nettselskapet skal ikkje handtere informasjon på ein måte som gjer at enkelte kraftleverandørar får konkurransefortrinn. Nettselskapet favoriserte altså den integrerte kraftleverandøren som den einaste som tilbaud ein faktura. Dette gjer dei ved å be kundane ta kontakt om dei framleis ønsker fellesfakturering, samtidig som nettselskapet viser til si eiga nettside der den integrerte kraftleverandøren er nemnd.

Ved utmålinga av lovbrotsgebyret på 600 000 kroner har NVE særleg lagt vekt på kor grovt brotet er. Samstundes er det formildande omsyn som gjer at gebyret ikkje er sett høgare. Vedtaket er påklaga til Olje- og energidepartementet.

5. Omgrep avvik og merknader

Avgjerande for tilsynsverksemda til NVE er kva som skal kontrollerast, og kva det eventuelt skal reagerast mot. NVE har i den reviderte tilsyns- og reaksjonsstrategien definert dette ved hjelp av omgrepene avvik.

Avvik

Avgjerande for tilsynsverksemda til NVE er kva som skal kontrollerast, og kva det eventuelt skal reagerast mot. NVE har i den reviderte tilsyns- og reaksjonsstrategien definert dette ved hjelp av omgrepene avvik.

"Avvik er brudd på krav gitt i regelverk og tillatelser gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen og eventuell annen lovgivning NVE forvalter." NVE kontrollerer altså krav som myndighetene har sett i lover og forskrifter og ved enkeltvedtak, men ikkje krav verksemduene har sett til seg sjølv. Ved eit tilsyn ser ikkje NVE det som eit mål å framstille ei sak slik at det blir flest mogleg avvik. Vi vil til dømes ikkje seie at det er to avvik sjølv om eitt funn er i strid med fleire forskrifter, som til dømes der eit selskap bryt både dei generelle føresegne om nøytralitetsplikt for nettselskap i energilovforskrifta og dei detaljerte reglane om nøytralitet i avrekningsforskrifta. På den andre sida vil brot på fleire føresegner i ei og same forskrift resultere i fleire avvik. Det er òg verdt å merke seg at det ikkje treng å vere nokon samanheng mellom talet på avvik og alvoret i saka. Til dømes kan det vere meir alvorleg at eit selskap får eitt avvik knytt til at selskapet ikkje har etablert eit system for internkontroll for vassdragstiltak, enn at eit anna selskap får tre avvik knytte til ulike manglar i det eksisterande internkontrollsystemet.

Merknad

I ein del saker kjem NVE i tilsynsverksemda si over tilhøve som ikkje er brot på myndighetskrav, men som NVE meiner verksemda bør gjerast merksam på og ta stilling til om dei skal gjere noko med. I NVE sine styrande dokument for tilsyn og reaksjonar (dokument 2-2010) er slike situasjonar omtalte på denne måten:

"Anmerkning er en påpekning av forhold med forbedringsmulighet eller et forhold som bør vurderes nærmere av virksomheten, men som ikke er brudd på krav gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen."

Føremålet med å gje merknader er å bidra til forbeteringar i verksemda til selskapa. Bruk av merknader er avgrensa

6. Heimlar og tilsynsgrunnlag i 2013

Vassdrag:

Kort nemning	Formell nemning
Vassdragsreguleringslova	LOV 1917-12-14 nr 17: Lov om vassdragsreguleringer
Vassressurslova	LOV 2000-11-24 nr 82: Lov om vassdrag og grunnvann
Damtryggleksforskrifta	FOR 2009-12-18 nr 1600: Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg
Internkontrollforskrift for vassdrag og grunnvatn om vassdrag og grunnvann	FOR 2011-10-28 nr 1058: Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvann

Energiforsyning:

Energilova	LOV 1990-06-29 nr 50: Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.
Energilovforskrifta	FOR 1990-12-07 nr 959: Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.
Kontrollforskrifta	FOR 1999-03-11 nr 302: Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer
Avrekningsforskrifta	FOR 1999-03-11 nr 301: Forskrift om måling, avregning og samordnet oppfølgen ved kraft- o-msetning og fakturering av nettjenester
Rasjoneringsforskrifta	FOR-2001-12-17 nr. 1421: Forskrift om planleg- ging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkninger ved rasjonering
Systemansvarsforskrifta	FOR 2002-05-07 nr 448: Forskrift om systeman- svaret i kraftsystemet
Beredskapsforskrifta	FOR 2012-12-07 nr 1157: Forskrift om forebyggende sikkerhet og beredskap i energiforsyningen

Kort nemning	Formell nemning
Kompetanseforskrifta	FOR-2011-03-10-263 Forskrift om krav til kompetanse mv. hos anleggs- og områdekonsesjonærer
Energiutgreiingsforskrifta	FOR 2012-12-07 nr 1158 om energiutredninger
Elsertifikatlova	LOV-2011-06-24 nr 39: Lov om elsertifikater
Leveringskvalitetsforskrifta	FOR 2004-11-30 nr 1557: Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet
Elsertifikatforskrifta	FOR-2011-12-16 nr 1398: Forskrift om elsertifikater
Forskrift om opphavsgarantiar for kraft av elektrisk energi	FOR-2007-12-14-1652: Forskrift om opprinnelses- garantier for produksjon
Naturgasslova	LOV-2002-06-28 nr. 61: Lov om felles regler for det indre marked for naturgass
Naturgassforskrifta	FOR-2003-11-14 nr. 1342: Forskrift til lov om felles regler for det indre marked for naturgass

Energimerking og energibruk:

Lov om merking av forbruksvarer	LOV 1981-12-18 nr 90: Lov om merking av forbruksvarer mv.
Forskrift om merking av hushaldsapparat	FOR 1996-01-10 nr 16: Forskrift om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursbruk ved hjelp av merking og standardiserte vare- opplysninger og diverse gjennomførings- forskrifter for de ulike husholdsapparater
Energimerkeforskrifta	FOR 2009-12-18 nr.1665: Forskrift om energi- merking av bygninger og energivurdering av tekniske anlegg
Produktkontrollova	LOV-1976-06-11 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester
Økodesignforskrifta	FOR-2011-02-23 nr. 190 Forskrift om miljøvennlig utforming av energirelaterte

I tillegg kjem konsesjonar og andre enkeltvedtak som er gitt i det regelverket NVE forvaltar,
og avtalane om å fremje effektiv bruk av energi i energiintensiv industri.

Utgitt i Rapportserien i 2014

- Nr. 1 Analyse av energibruk i forretningsbygg. Formålsdeling. Trender og drivere
- Nr. 2 Det høyspente distribusjonsnettet. Innsamling av geografiske og tekniske komponentdata
- Nr. 3 Naturfareprosjektet Dp. 5 Flom og vann på avveie. Dimensjonerende korttidsnedbør for Telemark, Sørlandet og Vestlandet: Eirik Førland, Jostein Mamen, Karianne Ødemark, Hanne Heiberg, Steinar Myrabø
- Nr. 4 Naturfareprosjektet: Delprosjekt 7. Skred og flomsikring. Sikringstiltak mot skred og flom
Befaring i Troms og Finnmark høst 2013
- Nr. 5 Kontrollstasjon: NVEs gjennomgang av elsertifikatordningen
- Nr. 6 New version (v.1.1.1) of the seNorge snow model and snow maps for Norway. Tuomo Saloranta
- Nr. 7 EBO Evaluering av modeller for klimajustering av energibruk
- Nr. 8 Erfaringer fra ekstremværet Hilde, november 2013
- Nr. 9 Erfaringer fra ekstremværet Ivar, desember 2013
- Nr. 10 Kvartalsrapport for kraftmarknaden. 4. kvartal 2013. Ellen Skaansar (red.)
- Nr. 11 Energibruksrapporten 2013
- Nr. 12 Fjernvarmemens rolle i energisystemet
- Nr. 13 Naturfareprosjektet Dp. 5 Flom og vann på avveie. Karakterisering av flomregimer. Delprosjekt. 5.1.5
- Nr. 14 Naturfareprosjektet Dp. 6 Kvikkleire. En omforent anbefaling for bruk av anisotropifaktorer i prosjektering i norske leirer
- Nr. 15 Tilleggsrapport: Oppsummering av Energimyndighetens og NVEs gjennomgang av elsertifikatordningen
- Nr. 16 Flomberegning for Nesttunvassdraget (056.3Z). Thomas Væringstad
- Nr. 17 Årsrapport for tilsyn



Norges
vassdrags- og
energidirektorat



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 09575
Internett: www.nve.no